

## Rundskriv

Alle departementa  
Statsministerens kontor

Nr. Vår ref Dato  
R-7/2012 12/3606 TyE 11.09.2012

### Statsbudsjettet 2012. Tilleggsløyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Finansdepartementet skal legge fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsløyvingar hausten 2012. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsløyvingar for 2012 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskridning av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjeraast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 15. oktober 2012. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:


- Rekneskap 2011
- Saldert budsjett 2012 + tilleggsløyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag 2012

I hovudbudsjettskrivet for 2013 blei departementa bedne om å sende inn forslag for tilleggsløyvingar i andre halvår 2012 innan 3. august 2012. For at forslaga skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsløyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 16. november 2012.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2012 vil etter planen bli fremja i statsråd  
30. november 2012.

Med helsing



Colin Forthun  
avdelingsdirektør



Tyra Ekhaugen  
seniorrådgjevar